

KÅLÅS BYGG AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Dato	22.06.2023
Vår referanse	2023/65235-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - oppføring tilbygg - fv. 5452 Sandvikavegen - gnr. 204 bnr. 5 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 16.06.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for eit tilbygg på ein eksisterande fritidsbustad.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5452 Sandvikavegen for å etablere eit tilbygg på eksisterande fritidsbustad på gnr. 204 bnr. 5 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 23.05.2023.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5452 Sandvikavegen skal vera minst 42 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5452 Sandvikavegen.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 100. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse viktig lokalveg jf. Rammepplan 2021-2024.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrensa til tiltaket som er søkt om.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan krevje løyve etter plan- og bygningslov og andre relevante lovverk som kommunen forvaltar.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **D02-Situasjonsplan rev.01.pdf**